



Arkivnr: 2015/12620-5

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

## Forslag til nytt takst og rabattsystem for Haugalandspakken - uttale

### Samandrag

Styringsgruppa i Haugalandspakken har i sak 2: S3 – 2015 bedt Statens vegvesen leggja fram sak til lokalpolitisk behandling, der tiltak for å auka inntektene til Haugalandspakken vert vurderte. Statens Vegvesen har utarbeida eit forslag til nytt takst- og rabattsystem som vil kunna auka inntektene i Haugalandspakken med omlag 1,8 mrd. kr. Forslaget har vore på lokalpolitisk høyring våren 2016. Statens vegvesen har i brev frå 6.7.2016 til Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune bedt om fylkespolitisk uttale til takstsøknaden. Om det vert fylkespolitisk oppslutnad om takstendringa, vil Statens vegvesen Region vest senda søknaden vidare til Samferdselsdepartementet, som avgjer om Vegdirektoratet har fullmakt til å avgjera søknaden eller om saka må leggjast fram for Stortinget.

Det er lokalpolitisk usemje i kommunane, både i Rogaland og i Hordaland, om å endra gjeldande takst- og rabattsystem i Haugalandspakken. Kommunane Bokn, Etne og Vindafjord har vedteke å slutta seg til dei føreslåtte takst- og rabattendringane. Sveio kommune sluttar seg ikkje til dei føreslåtte endringane i takst- og rabattsystemet for Haugalandspakken, men likevel slik at dagens satsar vert indeksregulert. Kommunane Karmøy og Tysvær har gått inn for ei anna omlegging av takst- og rabattsystemet, medan Haugesund kommune har gjort vedtak om at takst- og rabattsystemet vert helde på dagens nivå. Fylkestinget i Rogaland har slutta seg til Statens vegvesen sitt framlegg om takstendring.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget støttar fylkestinget i Rogaland si tilråding om justert takst- og rabattsystem i Haugalandspakken.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget i Hordaland støttar fylkestinget i Rogaland si tilråding om justert takst- og rabattsystem i Haugalandspakken, slik at bompengetaksten vert sett til kr. 22 for køyretøy i takstgruppe 1, og til kr. 44 for kjøretøy i takstgruppe 2, der vert gjeve 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 føresett gyldig AutoPASS-avtale og-brikke.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 16\_7190-8Lokalpolitisk behandling av tiltak for å øke inntektene til Haugalandspakken - Høring til fylkeskommunene med vedlegg

### Fylkesrådmannen, 14.11.2016

Styringsgruppa i Haugalandspakken har i sak 2: S3 – 2015 bedt Statens vegvesen leggja fram sak til lokalpolitisk behandling, der tiltak for å auka inntektene til Haugalandspakken vert vurderte. Statens Vegvesen har utarbeida eit forslag til nytt takst- og rabattsystem som vil kunna auka inntektene i Hauglandspakken med omlag 1,8 mrd. kr. Forslaget har vore på lokalpolitisk høyring våren 2016. Statens vegvesen har i brev frå 6.7.2016 til Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune bedt om fylkespolitisk uttale til takstsøknaden. Om det vert fylkespolitisk oppslutnad om takstendringa, vil Statens vegvesen Region vest senda søknaden vidare til Samferdselsdepartementet, som avgjer om Vegdirektoratet har fullmakt til å avgjera søknaden eller om saka må leggjast fram for Stortinget.

### Om Haugalandspakken

Haugalandspakken, gjeldande versjon, vart vedteke i Stortinget 14.6.2007, gjennom handsaminga av St. prp. 57 (2006 – 2007)<sup>1</sup>. Kostnadsramma var på 2760 mill. 2008 kroner. Prosjektporteføljen i Haugalandspakka omfattar tiltak på E39, E134 og på fylkesvegar i kommunane Sveio, Etne, Vindafjord, Tysvær, Karmøy og Haugesund.

### Auka kostnader

Haugalandspakken har per september 2015 finansiert prosjekt for tilsaman 1,4 mrd. kr. Kostnadane ved prosjektporteføljen er blitt vesentleg høgare enn føresett då pakken vart handsama i Stortinget i 2007. Styringsgruppa i Hauglandspakken har derfor vedteke å kutta ut alle prosjekt som hadde planlagt byggestart etter 2018. Berekningar viser at Haugalandspakken totalt vil krevja inn 1,5 mrd. kr i bompengar med dagens takst- og rabattsystem i perioden 2015-2023. Inkludert bompengeselskapet sine bankinnskott og statlege og fylkeskommunale løyvingar, er det forventa at 2,6 mrd. kroner kan stillast til rådvelde for Haugalandspakken i perioden 2015-2023. Haugalandspakken manglar følgjeleg omlag 1,8 mrd. kr for å finansiera den reduserte prosjektporteføljen på omlag 4,4 mrd. kr.

### Redusert prosjektportefølje

Prosjektportefølja på 4,4 mrd. kr., akkumulert kostnadsoverslag (Hordalandsprosjekt merka med gult):

Vegnr	Prosjekt	Kommune	Fase	Total-kostnad (2015-kr)	Gjenstående	Akkumulert	Akk. Inkl. planmidler
E134	Skjoldavik – Solheim	Vindafjord	Anleggsfase/ Slutføring	430	156	156	156
E134	Førrestjørn	Tysvær	Anleggsfase/ Slutføring	227	127	283	283
Fv.47	Raglamyrr	Karmøy	Anleggsfase/ Slutføring	32	32	315	315
Rv/Fv	Sykkelskur på utvalgte holdeplasser	Region	Anleggsfase	17	17	332	334
Rv/Fv	Busslommer på utvalgte holdeplasser	Region	Anleggsfase	48	48	380	387
Rv/Fv	Planleggingsmidler	Region		15	25	405	414
<b>Fv6</b>	<b>Buamyrr- Grimstveit</b>	<b>Sveio</b>	<b>Anleggsfase</b>	<b>30</b>	<b>30</b>	<b>435</b>	<b>444</b>
Fv851	Sundvegen	Karmøy	Anleggsfase	24	24	459	468
<b>E134</b>	<b>Etne – Steine</b>	<b>Etne</b>	<b>Anleggsfase</b>	<b>16</b>	<b>16</b>	<b>475</b>	<b>484</b>
Fv47	Kvala – Fagerheim	Haugesund	Anleggsfase	278	278	753	762
E134	Skre-Førresbotn lys	Tysvær	Anleggsfase	6	6	759	768
Fv47	Skudenes aldershjem - Kryss Fv.511	Karmøy		1	1	760	769
E39	Hetland sør	Tysvær	Byggeplan	2	2	762	771
E39	Hetland nord	Tysvær	Byggeplan	2	2	764	773
<b>E39</b>	<b>Haukås</b>	<b>Sveio</b>	<b>Byggeplan</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>766</b>	<b>775</b>
Fv47	Engvegen	Karmøy	Reguleringsplan	10	10	776	786
Fv.51	Bygnes – Søylebott	Karmøy	Byggeplan/	57	60	836	846

<sup>1</sup> St.prp. 57 (2006 – 2007) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-57-2006-2007-/id461911/?q=&ch=1>

Vegnr	Prosjekt	Kommune	Fase	Total-kostnad (2015-kr)	Gjenstående	Akkumulert	Akk. Inkl. planmidler
1			Anleggsfase				
Fv.890	Føresvik	Bokn	Byggeplan/Anleggsfase	4	8	844	855
Fv511	Åsebøen – Stangeland	Karmøy	Byggeplan/Anleggsfase	33	34	878	892
Fv734	Håkull – Trovåg	Vindafjord	Byggeplan/Anleggsfase	36	36	914	932
Fv47	Klubben <sup>1</sup>	Karmøy	Reguleringsplan	10	10	924	943
E134	Ølensvåg – Erslund	Vindafjord		2	2	926	945
<b>E134</b>	<b>Etnesentrum</b>	<b>Etne</b>	<b>Byggeplan</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>930</b>	<b>950</b>
Fv.923	Salhusvegen <sup>1</sup>	Haugesund	Reguleringsplan	31	100	1 030	1 060
E134	Utvik	Karmøy		1	1	1 031	1 061
Fv.938	Flotmyr - Stemmen (Skjoldavegen) <sup>1</sup>	Haugesund	Reguleringsplan	26	26	1 057	1 089
E134	Ølen*	Vindafjord	Byggeplan/Anleggsfase	21	21	1 078	1 110
E134	Ølen - Ølensvåg*	Vindafjord	Byggeplan/Anleggsfase	27	72	1 150	1 189
Fv.873	Norheim <sup>1</sup>	Karmøy	Byggeplan/Anleggsfase	19	25	1 175	1 217
E134	Norheim - Haugesund grense <sup>1</sup>	Karmøy	Byggeplan/Anleggsfase	2	6	1 181	1 224
Fv47	Karmsundgata (E134-Storasundgata)	Haugesund	Byggeplan/Anleggsfase	293	293	1 474	1 546
E134	Ølensvåg*	Vindafjord	Reguleringsplan	26	26	1 500	1 574
<b>E134</b>	<b>Mørkelikryssset</b>	<b>Etne</b>	<b>Reguleringsplan</b>	<b>21</b>	<b>21</b>	<b>1 521</b>	<b>1 598</b>
Fv.939	Tahaugata (kryss m Haraldsgata)	Haugesund		1	1	1 522	1 599
Fv47	Fagerheim - Ekrene	Haugesund	Reguleringsplan	627	650	2 172	2 314
Fv47	Skudenes - Kirkeleite	Karmøy	Reguleringsplan	38	38	2 210	2 355
Fv47	Eide - T-forbindelsen <sup>1</sup>	Karmøy	Kommunedelplan	438	500	2 710	2 905
Fv47	Åkra sør - Veakrossen <sup>1</sup>	Karmøy	Kommunedelplan	500	600	3 310	3 565
E134	Espelandssvingane <sup>1</sup>	Vindafjord	Reguleringsplan	68	68	3 378	3 640
E39	Haukås - Apeland**	Tysvær		20	20	3 398	3 662
E39	Hetland - Haukås**	Tysvær		20	20	3 418	3 684
E134	Husøyvegen <sup>1</sup>	Karmøy		18	18	3 436	3 704
Fv47	Veakrossen - Eide <sup>1</sup>	Karmøy	Kommunedelplan	303	400	3 836	4 144
Fv.924	Skeisvollvegen - Ausheimvegen <sup>1</sup>	Haugesund		18	18	3 854	4 164
Fv.47	Matlandsletta <sup>1</sup>	Karmøy	Reguleringsplan	14	14	3 868	4 179
Fv771	Førrestjørn - Leite - Frakkagjerd <sup>1</sup>	Tysvær		16	16	3 884	4 197
Fv.511	Blikshavn - Sørstokke <sup>1</sup>	Karmøy		6	6	3 890	4 203
	Betaling av lån			210		4 100	4 434
<sup>1</sup> Anslag ikkje gjennomført (kostnad usikker)				Sum	<b>4 100</b>	<b>4 100</b>	<b>4434</b>

13 prosjekt er i regulerings- eller kommunedelplanfasen og ytterlegare 10 prosjekt er ikkje starta opp, noko som gjev usikre kostnadsoverslag.

### Forslag til nytt takst og rabattsystem

Statens vegvesen har utarbeida to forslag til takst- og rabattsystem frå 1.1.2017:

#### Alternativ 1

Takst og rabattsystemet held fram på dagens nivå. dvs. at takstane berre vert prisjusterte etter konsumprisindeksen (KPI). I St. prp. 57 (2006 – 2007) er det føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga. Neste prisjustering av takstane i samsvar med KPI er rekna å verta i 2019/2020, til kr. 16 for liten bil. Forventa investeringsramme, inkludert bankinnskott, statlege og fylkeskommunale løyvingar, vert då 2,6 mrd. kr.

Gjeldande takst og rabattsystem:

Rabatt	Forskuddsbeløp lette kjøretøy	Pr passering lette kjøretøy	Forskuddsbeløp tunge kjøretøy	Pr passering tunge kjøretøy
0 %		14,00		28,00
30 %	490	9,80	980	19,60
40 %	2 940	8,40	5 880	16,80
50 %	4 900	7,00	9 800	14,00
	Etterskuddsavtale		Etterskuddsavtale	
5 %	Avtalegiro	13,30	Avtalegiro	26,60

#### Alternativ 2

Det er lagt opp til at takst- og rabattsystemet vert endra i samsvar med nye føringar for takst- og rabattsystem presenterte i Prop. 1 S Tillegg nr. 2 (2015-2016). Endringa medfører at rabattsatsen for lette kjøretøy vert redusert til 20 pst. og at rabatten er knytt til brikkebruk. Rabatten for tunge kjøretøy fell bort. Rabatten er knytt til brikkebruk. Ved å redusere rabatten til 20% for køyretøy i takstgruppe 1, kan dei planlagde prosjekta i den reduserte prosjektporteføljen på 4,4 mrd. kr. finansierast med ein bompengetakst på kr. 22 frå 1. januar 2017. Dette medfører at gjennomsnittleg inntekt per passering aukar frå 4,89 kr. i 2015 til 13,11 kr. i 2017:

Rabatt	Bompengetakst fra 1.1.2017	
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
0 %	Kr. 22,00	Kr. 44,00
20 %	Kr. 17,60	

### Lokalpolitiske vedtak

Dei to kommunane i Hordaland som er med i Haugalandspakken har gjeve slike uttalar:

Kommunestyret i Sveio, 23.5.2016:

«1. Sveio kommune slutter seg ikkje til dei foreslåtte endringane i takst- og rabattsystemet for Haugalandspakken, men likevel slik at dagens satsar vert indeksregulert.

2. Sveio kommune meiar at Vegvesenet må løyse prosjektene gjennom nøktern prosjektering, styring og gjennomføring, og ber om tiltak som sikrar dette.

3. Sveio kommune vil be om at heile prosjektet Sveio - Buavågsvegen blir fullført gjennom Haugalandspakken.»

Kommunestyret i Etne, 21.06.2016:

«Etne kommune sluttar seg til dei føreslåtte endringane i takst- og rabattsystemet for Haugalandspakken. Dette slik at den reduserte prosjektporteføljen med kostnadsramme for attståande prosjekt på 4,4 mrd. kroner kan finansierast innanfor gjeldande innkrevjingsperiode med bompengetakst på kr. 22 for takstgruppe 1 og kr. 44 for takstgruppe 2.»

Kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord i Rogaland har også gjeve uttalar:

Kommunane Bokn og Vindafjord har vedteke å slutta seg til dei føreslåtte takst- og rabattendringane. Kommunane Karmøy og Tysvær har gått inn for omlegging av takst- og rabattsystemet. Karmøy kommune ønskjer at alternativet med at taksten vert sett til kr. 18 for takstgruppe 1 og til kr. 36 for takstgruppe 2, vert vurdert nærmare og at det vert tovegsinnkreving i alle bomstasjonane. Tysvær kommune har gått inn for at taksten vert sett til kr. 18 for takstgruppe 1 og til kr. 36 for takstgruppe 2. Haugesund kommune har gjort vedtak om at takst- og rabattsystemet vert helde på dagens nivå.

### **Statens vegvesen si innstilling**

Statens vegvesen, i brev frå 6.7.2016:

«Statens vegvesen, region vest tilrår at Hordaland og Rogaland fylkeskommuner stiller seg bak søknaden fra styringsgruppen for Haugalandspakken om å justere takst- og rabattsystemet i Haugalandspakken slik at bompengetakst blir satt til kr. 22 for kjøretøy i takstgruppe 1, og til kr. 44 for kjøretøy i takstgruppe 2. Det skal gis 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 forutsatt gyldig AutoPASS-avtale og -brikke. Statens vegvesen ser at det er behov for å øke inntektene for å kunne realisere målsetningene som ligger til grunn for St.prp. nr. 57 (2006-2007) og St.prp. nr. 45 (2007-2008) som er styrende for Haugalandspakken. Statens vegvesen registrer at det er dissens i vedtakene som er fattet i den kommunale høringsrunden, og ønsker at Rogaland og Hordaland fylkeskommuner tar stilling til saken.»

### **Innstilling og vedtak i Rogaland fylkeskommune**

Fylkesrådmannen i Rogaland gav følgjande innstilling:

«1. Fylkestinget viser til sprikende vedtak i kommunene og usikkerhet om kostnader og mener at arbeidet med dagens Haugalandspakke bør videreføres innenfor eksisterende økonomiske rammer.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte arbeidet med grunnlaget for en ny Haugalandspakke II som kan iverksettes etter 2023. I arbeidet skisseres framtidige prosjekt med tilhørende finansiering, basert på regionale og statlige planer og målsettinger, og som tar hensyn til ulike behov og muligheter i byområdet og distriktene.»

I saksframlegget<sup>2</sup> til Rogaland fylkeskommunen er pkt. 2 i innstillinga grunngeve slik:

«Med vedtaket om ny Regional plan for areal og transport på Haugalandet, samt fylkestinget og fylkesutvalgets høringsuttalelser til henholdsvis NTP 2018-2029 og KVVU Haugesund mener fylkesrådmannen at det er gitt tydelig uttrykk for et ønske om en ny retning for areal- og transportplanleggingen på Haugalandet. Dette sammen med at Haugalandspakke er forankret i en over 10 år gammel plan medfører at grunnlaget for Transportplan for Haugalandet og Haugalandspakken kan anses som foreldet. Derfor mener fylkesrådmannen at det trenges en ny Haugalandspakke med blant annet et sterkere miljøprofil, som bedre samsvarer med dagens nasjonale, regionale og lokale mål.

Fylkesrådmannen vurderer utfra tidligere erfaringer at det trenges fem til syv år for at utvikle en fornyet Haugalandspakke 2 som kan avløse dagens pakke etter 2023.»

Fylkestinget i Rogaland handsama saka 25. oktober og gav slik uttale:

«1. Fylkestinget viser til vedtak i kommunene, der et stort flertall peker på behovet for videre utbygging av vegnettet i tråd med forutsetningene i Haugalandspakken. Fylkestinget støtter vegvesenet sin tilrådning om justert takst- og rabattsystem i Haugalandspakken slik at bompengetakst blir satt til kr. 22 for kjøretøy i

<sup>2</sup> Sjå: <http://152.93.253.15/application/getDocument?filid=1751222.0>

takstgruppe 1, og til kr. 44 for kjøretøy i takstgruppe 2. Det skal gis 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 forutsatt gyldig AutoPASS-avtale og -brikke.

Fylkestinget ser at det er behov for å øke inntektene for å kunne realisere målsetningene som ligger til grunn for St.prp. nr. 57 (2006-2007) og St.prp. nr. 45 (2007-2008) som er styrende for Haugalandspakken.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen, etter stortingsbehandling av takstøkningen, starte arbeidet med grunnlaget for en ny Hauglandspakke 2 som kan iverksettes etter 2023. I arbeidet skisseres framtidige prosjekt med tilhørende finansiering, basert på regionale og statlige planer og målsettinger, og som tar hensyn til ulike behov og muligheter i byområdet og distriktene.

Viser til vedtak om styrking av kollektivsatsing i Haugalandspakken 1, og legger til grunn at dette følges opp i regionalplan og Haugalandspakken 2.»

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Hauglandspakken har i Hordaland i stor grad vore sett på som ein «Rogalandspakke», som ein frå administrativt og politisk hald i Hordaland fylkeskommune har hatt lite med å gjera. Prosjekt i Sveio og Etne er med i Hauglandspakken, men alle innkrevingspunkta ligg i kommunar i Rogaland.

Fylkesrådmannen viser til at det er lokalpolitisk usemje i kommunane, både i Rogaland og i Hordaland, om å endra gjeldande takst- og rabattsystem i Hauglandspakken. Når det er lokalpolitisk usemje om å endra eit takst- og rabattopplegg blant kommunane som har prosjekt og bomstasjonar i pakken, har praksisen i Hordaland fylkeskommune vanlegvis vore å ikkje tilrå endringane. Fylkestinget har då føresett at kommunane må bli samde før fylkestinget vil tilrå endringane.

I Håndbok V718 Bompengeprojekter<sup>3</sup> står det at vegregionen, ved oversending av takstsøknaden til Vegdirektoratet, skal «legge ved en faglig vurdering av søknaden samt eventuelle problemer knyttet til politisk behandling». Statens vegvesen Region vest sender ikkje søknaden vidare uten lokalpolitisk og fylkespolitisk forankring. Det er likevel slik at fylkeskommunane sine vedtak vil setja til side kommunane sine uttalar, når Statens Vegvesen Region vest skal gje si tilråding til Vegdirektoratet. Men det er uklart kva som skjer med takstsøknaden i Vegdirektoratet om det er sprik mellom uttalen frå fylkestinget i Hordaland og uttalen frå fylkestinget i Rogaland.

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget i Hordaland støttar fylkestinget i Rogaland si tilråding om justert takst- og rabattsystem i Hauglandspakken, slik at bompengetaksten vert sett til kr. 22 for køyretøy i takstgruppe 1, og til kr. 44 for kjøretøy i takstgruppe 2, der vert gjeve 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 føresett gyldig AutoPASS-avtale og brikke.

<sup>3</sup> Sjå s. 23 i Håndbok V718: <http://www.vegvesen.no/attachment/61429>